



Ålesund kommune, Bingsa avfallsplass
Serviceboks 21
6025 Ålesund

Revisjonsrapport – 2013.006.R.FMMR – Bingsa avfallsdeponi

Dato for revisjonen: 18.11.2013 og 21.11.2013

Kontaktpersoner ved revisjonen

Frå verksemda:
Per Oskar Slinning

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
Anne Melbø

Resultat frå revisjonen

Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart funne innan dei reviderte områda av det systematiske helse, miljø og sikkerhetsarbeidet (HMS) i verksemda. Desse vart presentert på sluttmøte hos verksemda 21.11.2013.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekkja **2** avvik og **2** merknader under revisjonen.

Avvika omhandlar:

- Lagring, omlasting og sortering av næringsavfall foregår ikke på område med tett flate og under tak.
- Virksomheten mangler skriftlig dokumentasjon på konkretiserte miljømål.

Desse er nærmare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende dokumentasjon på at avvika er retta innan 22.02.2014. Oppfølging etter revisjonen er nærmare beskrive på side 3.

Vi vil til slutt nytte høvet til å takke for god mottaking og godt samarbeid under revisjonen.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
seksjonssjef

Anne Melbø

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

1. Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr (undereining): 942953119	Eies av:
Besøksadresse: Keiser Wilhelms gate 11	Telefon: 70 16 20 00
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110	E-post: postmottak@alesund.kommune.no

Kontrollert anlegg

Namn: Bingsa avfallsdeponi	Anleggsnr.: 1504.0090.01
Kommune: ålesund	Anleggsaktivitet: Deponering
Fylke: Møre og Romsdal	Risikoklasse: 2
Løyve gitt: 30.07.2010	Løyve sist oppdatert: 30.07.2013

2. Revisjonens omfang

Rapporten er utarbeida etter ein revisjon ved Bingsa avfallsdeponi i perioden 18.11.2013 til 21.11.2013. Revisjonen er ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin planlagde revisjonsverksemd for året.

Formålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillande, og om verksemda har ein tilfredsstillande styring med aktivitetar som er viktige for det ytre miljø. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har blant anna undersøkt om:

- Verksemda sitt system for internkontroll er formålstenleg og presis
- Aktivitetar vert gjennomført slik som verksemda seier (både skriftleg og munnleg)
- Verksemda når sine mål og driv innanfor eigne rammer og rammer som styresmaktene har sett

Revisjonen vart gjennomført ved:

- Gransking av dokument
- Intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen
- Synfaring

Hovudtema for kontrollen var:

- Internkontroll
- Risikovurdering
- Mottakskontroll
- Drift
- Farleg avfall/ avfallshandtering
- Utleppskontroll

Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko seie for ytre miljø, vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak. Denne rapporten omhandlar avvik som vart funne under revisjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Overtreding av krav fastsatt i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivinga (til dømes krav i forureiningslova, forskrift heimla i forureiningslova, internkontrollforskrifta eller krav og vilkår fastsatt i utsleppsløyve eller dispensasjonar, samt verksemda sine egne rutinar for å oppfylle styresmaktene sine krav)

Merknad: Eit forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å påpeike då det har eller kan ha noko å seie for å ta vare på det ytre miljø.

3. Oppfølging etter revisjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvik som vart funne. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende oss dokumentasjon på at avvika er retta innan **20.02.2014**.

Vi ber dykk om å stile svarbrevet eller e-post (postmottak@fmmr.no) til Fylkesmannen i Møre og Romsdal merka med saksnummer.

4. Gebyr for revisjonen

Verksemda er ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 4, jf. førehandsvarsel i brev datert 29.09.2013. Dette vil seie at verksemda må betale kr. 45 100 kr i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Vedtaket om gebyr er gjort med heimel i § 39-8 i forureiningsforskrifta.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

5. Offentligheit i forvaltninga

Denne rapporten vil være open for offentlegheita via postjournal til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (jf. offentlighetslova).

6. Funn

6.1 Avvik

Vi fant følgjande avvik under revisjonen:

Avvik 1

Lagring, omlasting og sortering av næringsavfall skjer ikkje på område med tett flate og under tak.

Avvik frå:

Vilkår 3.1 i utsleppsløyvet etter forureiningslova, av 30.07.2010.

Kommentar:

All lagring, sortering og omlasting av avfall skal skje på tett flate med fall til sluk. Med unntak av flishogging og mellomagring av trevirke og flis skal all handsaming og lagring av avfall skje under tak.

Avvik 2

Verksemda manglar skriftleg dokumentasjon på konkrete miljømål

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5, 2. ledd punkt 4.

Kommentar:

Verksemda skal ha miljømål, og dette skal dokumenterast skriftleg. Måla er ein viktig føresetnad for planar og aktivitetar og skal være så konkret som mogleg. Verksemda har mange konkrete, styrande miljømål som ikkje er skriftleg nedfelt og kommunisert i organisasjonen. Verksemda har eit overordna miljømål som er nedfelt skriftleg, men som det er vanskeleg å måle om er nådd. Statusrapportering av dei konkretiserte miljømåla er viktig for at dei tilsette skal kunne optimalisere drifta.

6.2 Merknader

Merknad 1

I måleprogram for oljeskiljar er frekvensen for uttak av prøver redusert frå 4 gonger årlig til 1 gang for vaskeplass og farlig avfall og minst 2 gonger for komposteringsområdet.

Kommentar

Prøveresultat frå komposteringsområdet viser store variasjonar, og vi er usikre på om 2 uttak av prøver per år er tilfredsstillande for å fange opp eventuelle overskridingar.

Merknad 2

Verksemda kan bli betre på bruk av avvikssystemet i forhold til miljørelaterte hendingar og nesten-uhell. Grenseoppgangen på bruken av sentralt og lokalt system bør tydeliggjöras.

Kommentar

Det synes å være en underregistrering av miljørelaterte hendingar og nesten-uhell.

7. Andre forhold

Det er oppretta mange gode skriftlege rutinar for å sikre at drifta skjer i tråd med lovverket. Rutinane verka god kjend hjå dei tilsette. Internkontrollen var oppretta elektronisk som lagra mapper på felles filområde. Sjølve oppbygginga kan bli meir logisk og oversiktlig, men innhaldet var veldig bra. Mottaket for farlig avfall hadde svært god orden.

8. Gjennomføring

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

- Verksemda vart varsla om revisjonen gjennom brev datert 29.09.2013.
- Opningsmøte 18.11.2013: Forberedande møte for å planlegge revisjonen inkludert synfaring. Orientering om revisjonen, sentrale omgrep vart definert. Omfang og gjennomføring av revisjonen vart gjennomgått. 9 personar deltok på opningsmøte
- Intervju 21.11.2013: 7 personar vart intervjua.
- Avsluttande møte 21.11.2013: Avvik og merknader vart gjennomgått. Oppsummering med presentasjon av resultat. 8 personar deltok på sluttmøte.

I vedlegg 1 er det gjeve ein oversikt over deltakarane ved revisjonen.

9. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- Internkontrollforskrifta, avfallsforskrifta kapittel 9 og 11.
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 30.07.2010.
- Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og til forhold som har noko å seie for helse/miljø/sikkerhet

I vedlegg 2 har vi satt opp ei liste over dokumentar som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen.

Vedlegg 1

Deltakarar ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved Bingsa avfallsdeponi 18.11.2013 og 21.11.2013

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Synfaring	Intervju	Sluttmøte
Sigrun Jahren	verksemdleiar	X	X	X	X
Rose Mari Refsnes	teamleiar	X	X	X	X
Per Oskar Slinning	driftsleiar	X	X	X	X
Ivar Lønne (Bingsa gjenvinning)	driftsleiar	X	X		X
Stein Giske	fagarbeider	X		X	X
Harald Gjerde	håndv./fagarb	X		X	X
Martin Hovden	håndv./fagarb	X		X	X
Oskar Slinning	arbeider	X		X	X
Thor Samseth	teknisk leder	X			

Fylkesmannen sin revisjonsgruppe: Anne Melbø og Linda Aaram

Vedlegg 2

Namn på dokument	Opphav	Dato
<i>Tillatelse etter forurensningsloven til Ålesund kommune for mottak og behandling av avfall på Bingsa avfallsdeponi</i>	Fylkesmannen	30.07.2010
<i>Måleprogram for Oljeutskillere</i>	VAR, Ålesund kommune	08.10.2013
<i>Standardrapport oljeutskillere</i>	Bingsa næring	2011 - 2012
<i>Analyserapport for bunnslagg Taffjord kraft</i>	Hardanger Miljøsentor AS	10.10.2012
<i>Arbeidsbeskrivelse Basiskarakterisering og verifikasjon av avfall til deponi</i>	Bingsa næring	01.12.2012
<i>Kravspesifikasjon for mottak av avfall fra næringsvirksomheter til deponi</i>	Bingsa næring	09.09.2013
<i>Liste over avfallsfraksjoner som skal legges i egne deponiceller</i>	Bingsa næring	21.09.2013
<i>Mottak av avfall til mellomlagring</i>	Bingsa næring	01.12.2012
<i>Mottak av avfall til deponering som ikke skal ilegges sluttbehandlingsavgift</i>	Bingsa næring	01.12.2012
<i>Diverse arbeidsrutinar for Farleg avfall</i>	Bingsa næring	01.12.2012
<i>Overordnet ROS analyse for deponi analyse</i>	Bingsa næring	28.10.2013
<i>Klager på lukt frå Bingsa 2011-2013</i>	VAR, Ålesund kommune	